

Vedlegg F1 Redegjørelse

Formålet med bruksendring,

Arealet ligg inn i kommunedelsplan for Lindåsosane (Lygra med Lurefjorden med plan Idnr 1263-200810) Sn4

Vi ynskjer å bruksendre denne gamle sjøbua til reiselivs/overnattingsføremål og korresponderende aktivitetar. Utleige av husvære, badstue, båter, fiskeutstyr, kajakker og syklar etc for å utvide næringsgrunnlaget på dette bruket. Eigedomen har gjennomgått store investeringar i bygningar, vegar, grøfting, rydding og nydyrkning. Det er i dag eit særleg godt skjøtta kulturlandskap der enkeltelement (murer/bakkemurar, stadeigen vegetasjon osv) er ivaretake og sitkagranskogen er fjerna. Eigedomen framstår som veldig godt eigna og attraktiv for småskala reiseliv og opplevelingar knytt til dette. Den yngre generasjonen på bruket driv no med sauehold og litt frukt/grønsaker. Andre planer føreligg.

Sjøbua som antakelig er omlag 100 år gammal eignar seg til overnatting med enkle faciliteter. Den vil fortrinnsvis bli brukt til dette føremålet i sommarhalvåret/ turist sessongen.

Lygra treng ny næringsaktivitet og Lyngheisenteret treng støttespelarar, spes gjeld dette spes supplering på overnatting. Andre bygningar på eigedommen er tenkt brukt til same føremålet. Det er eit ledd i Landbruks- og Matdepartementets satsing for små landbrukseigedomar for å sikre busetning og utnytte ressursgrunnlaget for alternativ næringsutvikling.

Vi syner elles til møtereferat fra forhåndskonferansen.

Det betyr at kommunen må oppheve den bemerkelsesverdige bestemmelsen ipkt 4.28; sjå nedanfor. Den er usakleg, ubegrunda og i direkte strid med planføremålet i SN4. Setningen har kome fram etter eit møte mellom kommunen og dåverande fylkesmann Sponheim og må reknast som meiningslaus og som ein nullitet. :

- Gjeldande kommunedelplan for følgjande føremål/føresegner:

Utsnitt :" DET ER IKKJE TILLATT MED OVERNATTING I EKSISTERANDE BYGG I SN4
PKT. 4.28.

Evt. tiltaka i sjøen krev dispensasjon frå NFFF-føremål, Disp. frå avsett byggjegrense mot sjøen i KDP. Eksisterande bygg sjøbu krev ikkje dispensasjon frå byggjegrense mot sjøen ved bruksendring.